



Høgskolen i Telemark

Fakultet for allmennvitenskaplege fag

Oppgaver til underveisprøve. ex.fac.

To av nedenstående oppgaver gis til midtprøven. Studentene skal besvare én oppgave.

UNDERVEISEKSAMEN

Emnekode:	3525
Emnenamn:	Ex.fac
Studiepoeng for emnet:	10
Omfang av denne eksamenen i % av heile emnet:	40 %
Eksamensdato:	18. oktober 2013
Eksamensstad:	Cape Town
Lengde/tidsrom:	2 t
Målform:	Bokmål/nynorsk
Ant. sider inkl. framside	5
Tillatne hjelpemiddel:	Ingen
Merknader:	
Ant. vedlegg:	Ingen

Eksamensresultat finn du etter sensurfall ved å logge deg inn med brukarnamn og passord på StudentWeb (hit.no)

BOKMÅL:

- 1) Gjør rede for hva *vitenskapsfilosofi* er. Forklar hva som menes med at denne disiplinen er *metavitenskapelig*. Gjør rede for forskjellen på *normativ* og *deskriptiv* vitenskapsfilosofi. Forklar så hvordan vitenskapsfilosofi skiller seg fra *empiriske* vitenskaper.
- 2) Gjør rede for den *hypotetisk-deduktive metode*. Forklar begrepene *teori*, *hypotese*, *deduksjon* og *empirisk konsekvens*. Besvar så følgende: (og bruk gjerne eksempler)
 - a) Hva benyttes denne metoden til?
 - b) Hvilken logisk gyldige slutning kan bruken av denne metoden knyttes til?
- 3) Hva er en slutning? Gjør rede for hva som kjenntegner *induktive* og *deduktive* slutninger. Bruk gjerne eksempler. Besvar så begge følgende spørsmål:
 - a) Hva slags forhold er det mellom *premiss* og *konklusjon* i *gyldige* slutninger?
 - b) Gi en setningslogisk fremstilling av de to gyldige slutningene *Modus Ponens* og *Modus Tollens*.
- 4) Den logiske positivismen benytter et såkalt *verifikasjonsprinsipp*. Gjør rede for hva dette prinsippet går ut på, og pek på hvilken rolle det spiller i deres vitenskapsfilosofi. Forklar deretter hva som menes med *induksjonsproblemet* og pek på hvordan dette utfordrer de logiske positivistenes filosofi.
- 5) Gjør rede for Karl Poppers teori om *falsifikasjonisme*. Forklar hva hans såkalte *falsifikasjonsprinsipp* går ut på. På hvilken måte skiller falsifikasjonismen seg fra den logiske positivismen? Hvorfor mener Karl Popper at falsifikasjon er sikrere en verifikasjon?
- 6) Karl Popper kritiserer en teori som ofte kalles «*bøtteteorien for forstanden*». Gi en fremstilling av denne kritikken. Ha fokus på forholdet mellom *observasjonsdata* og *teori*. Hvordan fremstilles observasjonsdata i bøtteteorien, og hvordan er forholdet mellom observasjon og teori? Hva er Karl Poppers alternative syn? Forklar i denne sammenhengen hva som menes med en *forventningshorisont*.
- 7) Gjør rede for Thomas Kuhns teori om *paradigmeskifter* (vitenskapelige revolusjoner). Forklar begrepene *paradigme*, *normalvitenskap*, *anomali*, *krise* og *revolusjon*. På hvilken måte utfordrer denne teorien oppfatningen at vitenskapen gradvis fører oss nærmere sannheten?
- 8) Hva er en vitenskapelig forklaring? Forklar begrepene *explanans* og *explanandum*. Gjør så rede for hva som kjennetegner *årsaksforklaringer*. Bruk gjerne et eksempel. Gjør rede for følgende begreper: *universell lov (årsakslov)*, *randbetingelse* og *utløsende årsak*.

- 9) Gjør rede for hva som kjennetegner *formålsforklaringer*. Forklar i denne sammenhengen hva *formålsrasjonalitet* er, og hva det såkalte *barmhjertighetsprinsippet* går ut på. Besvar så følgende:

Hvilken av de følgende 2 påstandene er etter din mening korrekt? Begrunn svaret.

- a) For å formåls-forklare en aktørs handling må vi vite om hans oppfatninger stemmer overrens med virkeligheten og om hans mål er moralsk forsvarlig.
- b) For å formåls-forklare en aktørs handling må vi vite hva han tror og hva han ønsker.

NYNORSK:

- 1) Gjer greie for kva vitskapsfilosofi er. Forklar kva ein meiner når ein seier at denne disiplinen er *metavitskapeleg*. Gjer greie for skilnaden på *normativ* og *deskriptiv* vitskapsfilosofi. Forklar vidare korleis vitskapsfilosofi skil seg frå *empiriske* vitskapar.
- 2) Gjer greie for den *hypotetisk-deduktive metode*. Forklar omgrepa *teori*, *hypotese*, *deduksjon* og *empirisk konsekvens*. Svar så på følgjande: (og bruk gjerne døme)
 - a) Kva nyttar ein denne metoden til?
 - b) Kva logisk gyldig slutning kan bruken av denne metoden knyttast til?
- 3) Kva er ei slutning? Gjer greie for kva som kjenneteiknar *induktive* og *deduktive* slutningar. Bruk gjerne dømer. Svar så begge følgjande spørsmål:
 - a) Kva slags forhold er det mellom *premiss* og *konklusjon* i *gyldige* slutningar?
 - b) Gi ei setningslogisk framstilling av dei to gyldige slutningane *Modus Ponens* og *Modus Tollens*.
- 4) Den logiske positivismen nyttar såkalla *verifikasjonsprinsipp*. Gjer greie for kva dette prinsippet går ut på, og peik på kva rolle det spelar i deira vitskapsfilosofi.

Forklar deretter kva ein meiner med *induksjonsproblemet* og peik på korleis dette utfordrar filosofien til dei logiske positivistane.

- 5) Gjer greie for Karl Popper sin teori om *falsifikasjonisme*. Forklar kva hans såkalla *falsifikasjonsprinsipp* går ut på. På kva måte skil falsifikasjonismen seg frå den logiske positivismen? Kvfor meiner Karl Popper at falsifikasjon er sikrere enn verifikasjon?
- 6) Karl Popper kritiserer ein teori som ofte kallast «*bøtteteorien for forstanden*». Gi ei framstilling av denne kritikken. Ha fokus på forholdet mellom *observasjonsdata* og *teori*. Korleis framstillast observasjonsdata i bøtteteorien, og korleis er forholdet mellom observasjon og teori? Kva er Karl Poppers alternative syn? Forklar i denne samanhengen kva ein meiner med en *forventningshorisont*.
- 7) Gjer greie for Thomas Kuhn sin teori om *paradigmeskifte* (vitskapelege revolusjonar). Forklar omgrepa *paradigme*, *normalvitskap*, *anomali*, *krise* og *revolusjon*. På kva måte utfordrar denne teorien oppfatninga at vitskapen gradvis fører oss nærare sanninga?

- 8) Kva er ei vitskapeleg forklaring? Forklar omgrepa *explanans* og *explanandum*. Gjer så greie for kva som kjenneteiknar *årsaksforklaringar*. Bruk gjerne eit døme. Gjør gjer greie for følgjande omgrep: *universell lov (årsakslov)*, *randbetingelse* og *utløysande årsak*.
- 9) Gjer greie for kva som kjenneteiknar *formålsforklaringar*. Forklar i denne samanhengen kva *formålsrasjonalitet* er, og kva det såkalla *barmjertighetsprinsippet* går ut på. Svar så på følgjande spørsmål:

Kva for påstand av dei to nedanfor er etter di meining korrekt? Grunngjev svaret.

- a) For å formåls-forklare handlinga til ein aktør må vi vite om oppfatningane hans stemmer overeins med røynda og om målet hans er moralsk forsvarleg.
- b) For å formåls-forklare handlinga til ein aktør må vi vite kva han trur og kva han ønskjer.